



forum for  
natur og friluftsliv  
:

Naustdal Gjengedal landskapsvernområde  
[naustdal-gjengedal@fylkesmannen.no](mailto:naustdal-gjengedal@fylkesmannen.no)

Leikanger 30.10.2014

## **FNF Forum for natur og friluftsliv sender innspel til høyringsutkast til Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i lag med Sogn og Fjordane Turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:**

Vi har gjort oss kjende med forvaltningsplanen på nett og gjennom informasjon på folkemøte og meiner det er eit godt framlegg til forvaltningsplan. Innspelet er ut i frå desse og våre kjennskap til området. I høve vår interesse innan natur- og friluftsliv, som aktive brukarar og de ansvarlege for Longevasshytta har vi følgande innspel til planen.

**FNF - Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane** er eit samarbeidsforum mellom natur- og friluftorganisasjonane på fylkesnivå, og har som formål å ivareta natur- og friluftinteressene i aktuelle saker. FNF i Sogn og Fjordane har eit nettverk med 10 medlemsorganisasjonar på fylkesnivå med til saman over 15 000 medlemmar. FNF arbeider også for å sikre areal for eit aktivt friluftsliv. Friluftsliv er eit viktig bidrag til berekraftig utvikling, og vern om naturen er å sikre livsgrunnlaget for oss sjølve og komande generasjonar. Friluftsliv er ein del av norsk kulturarv og ei kjelde til livskvalitet, naturoppleving og betre folkehelse.

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal oktober: 6.081. Kupekraft kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

### **Om Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:**

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er medlem av Norges Naturvernforbund som er landets eldste natur- og miljøverneorganisasjon. Naturvernforbundet arbeider for å ta vare på natur og miljø slik at menneskeleg verksemd ikkje påfører naturen større påkjenningar enn han toler. Sjå: <http://naturvernforbundet.no/sognogfjordane/>

### **Om friluftsliv i området:**

Frå sør (Jølster kommune) er ruta frå Legestøylen og nordover forbi Stegsvatnet den lettaste, viktigaste og suverent mest brukte inngangsporten til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

Dette gjeld både til fots og på ski. Dette er også den klårt mest brukte ruta til Indre Sunnfjord Turlag si mykje brukte sjølvbetente hytte Longevasshytta. Ruta er ei av hovudrutene inn i verneområdet, og den lettaste og raskaste for å kome inn i det ein kan kalle kjerneområdet i landskapsvernområdet, med mellom anna vasskiljet mellom dei største elvane, Naustdalsvassdraget, Gjengedalsvassdraget og Jølstravassdraget.

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost [sognogfjordane@fnf-nett.no](mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no)

Nettside [www.fnf-nett.no/sognogfjordane](http://www.fnf-nett.no/sognogfjordane)

Dette dreiar seg om ei viktig turrute. Turruta Legestøylen – Longevasshytta var i ein periode etter rasa i 2004 og 2005 nedlagd som DNT-rute, men er no teken oppatt, etter endring av ruta og med informasjon om rasfaren. For informasjon om turruta og om Longevasshytta, sjå desse linkane:

<http://ut.no/rute/aardal-longevasshytta>

<http://ut.no/hytte/longevasshytta>

Longevasshytta er svært sentral i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, med turruter i (nesten) alle retningar i tillegg til via Stegsvatnet. Dei viktigaste er:

- Sørøver til Ålhus i Jølster.
- Sørvestover til Angedalen i Førde kommune.
- Vestover til Nes i Naustdal kommune.
- Nordvestover til Gjengedalen i Gloppen kommune.
- Nordover via Langedalen til Sandane i Gloppen.
- Nordaustover til Kandalen i Gloppen.

Indre Sunnfjord Turlag arrangerer årleg fleire turar i området. Den som samlar flest deltakarar er skituren frå Årdal i Jølster via Stegsvatnet og Longevasshytta til Nes i Naustdal. Turen går fast kvar Palmesøndag (i år måtte den dessverre avlysast grunna dårlege snø- og vêrtilhøve). Viss vêrtilhøva er gode, samlar turen 100 – 200 deltakarar.

Midt på vinteren er det ikkje vanleg å gå skiturar i området, mellom anna grunna rasfaren. Men utover våren, frå og med mars og utover, og viss snøtilhøva er stabile, er det vanleg å gå skiturar frå Årdal, over Stegsvatnet, i retning Longevasshytta og eventuelt vidare i ulike retningar. Kor langt ut over våren/sommaren ein kan gå, varierer sterkt frå år til år. Om våren og tidleg på sommaren, er det svært viktig at ein kan gå ute på isen på Stegsvatnet så lenge som råd. Dette fordi det på den tida er rasfarleg langs austsida av vatnet der fotturruta går. Tidleg på sommaren, som oftast i juni, men det kan vere både tidlegare og seinare, sterkt varierende frå år til år, når isen på Stegsvatnet held på å gå opp, er det som oftast ein periode på nokre veker (også varierende frå år til år) då det er farleg å ta seg fram til støylane nord for Stegsvatnet og til Longevasshytta. Grunnen til problema er dels rasfaren langs vatnet, dels at når isen held på å gå opp, så losnar isen frå land på austsida av vatnet, og det dannar seg ein høg loddrett snøkant ned i vatnet. Snøen oppe på land, der ein må gå, skrånar (litt for mykje) ned mot vatnet, og det kan vere stor risiko for å skli ut og ned i vatnet. Grunneigarane og nokre turfolk jobbar med molding og med spade for å lage ein ”avsats” i snøskråninga der ein kan gå utan å risikere å skli ut. Kor lang tid det går frå isen på Stegsvatnet går opp til ein kan gå til fots langs vatnet, er derfor ikkje berre avhengig av vêr- og føretilhøve, men også av kor godt arbeid grunneigarar og turfolk har gjort for å sikre ruta. Og så må ein sjølvsgatt alltid vurdere rasfaren i tillegg.

### **Sikring og utbetring av stien inn langs Stegsvatnet under Steget:**

Grunna tilhøva nemnt over med redusert, variabel og tidvise rasfarlege høve på den viktige ruta langs Stegsvatnet vil vi gjere framlegg om utbetring og sikring av den mest utsette delen av stien.

Dette vil kunne både lette og ikkje minst sikre tryggare tilkomst til både Longevasshytta, private hytter og truleg kunne utvida tidsrommet for ferdsel inn i landskapsvernområdet via denne viktige ruta.

### **Utviding av Longevasshytta som god formidlings- og opplevingsarena for skuleklassar:**

Longevasshytta vert også nytta av skuleklassar til klasseseturar. Det er knapp kapasitet på hytta for større skuleklassar og ein ser trong for utviding av sove- og spisekapasitet ved anlegget. Betre tilpassing for dette føremålet vil vere ein vesentleg føremon for å gjere verdiane i landskapsverneområdet kjent for fleire unge i Indre sunnfjord ved å styrke kunnskapen om

området og verneverdiane, lokal identitetkjensle og lokal bruk av området. Tilrettelegging for auka bruk av hytta kan også bidra til å styrke forvaltninga av aurestammen ved t.d ønska auka uttak av fisk.

Vi søker å legge til rette for utvida bruk av hytta til formidling, ved ein forsiktig utviding, på ein måte som ikkje vil endre det verna landskapet sitt særpreg eller karakter.

Vi har von om at ein slik utviding vil styrke forvaltningsmåla på ein god måte ved å vere eit ledd i å auke forståinga for verneverdiane og formålet med vernet, spesielt hjå den unge lokalbefolkninga.

### **Generelt om forvaltningsplanen:**

Først litt om vegetasjonen (frå side 15):

På nordsida av Mosevassdalen, nord for austenden av Mosevatnet, er der òg vegetasjon som inneheld kalkrevjande storr og andre artar. Aust for Lofthusvatnet er der ei høgstaudeeng og nord for Holebotsvatnet ein storbregneskog med innslag. På nordsida av Inste Longevatnet veks frodige storbregneenger.

### **Soneinndeling**

Reglane som gjeld for landskapsvernområdet gjeld heile arealet. Som grunnlag for ei nyansert forvaltning er det grunn til å vurdere ei soneinndeling, kanskje berre to. I dei sentrale delane med lite eller ingen ting av bygningar og andre spor etter fortida, bør det vere vanskeleg å få løyve til byggverk av noko slag. Når det er spørsmål om enkle tiltak som klopper og stiar, bør også det vere sterkt avgrensa, eller forbod mot. Den retningsgjevande tanken bør vere at her skal naturen ha minst mogeleg preg av menneskeverk. Eit utgangspunkt for grensedraginga kan vere areal som ligg tre kilometer eller meir frå tyngre, tekniske inngrep.

Nær stølane og garden Vona er situasjonen annleis. Her tilseier både omsynet til vedlikehald av kulturminna og kulturlandskapet ein meir open praksis. I same retning talar omsynet til eigarane av bygningar og dei som nyttar areala, men praktis kan likevel ikkje vere i strid med vernereglane.

### **Prioritering av tiltak**

For det andre er det grunn til å etablere ei meir prinsipiell liste for prioritering av tiltak og bruk av dei midlane som forvaltninga har til disposisjon. Høgst prioritet bør tiltak ha som oppfyller føremålet med vernet. Å fjerne gran og å halde stølsmarkene ved like er sentrale oppgåver. Tiltak som brukarinteressene kan ha interesse av, kjem i andre rekkje. Friluftslivet skal ikkje alle stader vere å spasere.

Det følgjer av synspunktet ovanfor (om soneinndeling) at det meste går til kulturlandskapet og dei strekningane med størst ferdsel, og nær tradisjonelle bruksområde. Det er i dei stølsnære delane det òg er viktigast å få til ein skjøtselsplan. Klopper, bruer og utbetring av stiar bør ingen bry seg med i det indre av området, villmarka. Det fører mange stiar inn i det som er verna. Fleire av dei er det få som nyttar, og det er ingen grunn til å invitere fleire. Dei som er ute etter å gå på attgrodde stiar, finn alltid fram. Sjølv om trafikken ikkje er stor nokon stad, i nasjonal målestokk, kan det vere forstandig å konsentrere arbeidet for å gjere framkomsten lettare, å kanalisere trafikken (også fleire ruter for hest, om det er aktuelt) til robuste stiar som er lite til sjenanse for til dømes villreinen. Vilde dyr klarer seg best utan folk. Å hindre skade ved trakk, til dømes i blaute myrar eller der stiane har lag til å bli mange, bør vere ein viktigare grunn til forsterka gangunderlag enn at det skal bli lettare å ta seg fram. Det bør heller ikkje vere slik at forvaltningsmidlane går til driftstiltak i landbruket, til dømes nye ønskje om betre framkomst.

### **Materialbruk og byggjeskikk**

Reparasjonar og vedlikehald, står der, skal vere i samsvar med lokal byggjeskikk. Bygningar skal ikkje endre utsjånad ved utbetringar.

Dette er nok for lite presise formuleringar til at folk flest handlar etter dei. I tråd med lokal byggjeskikk er i realiteten å bruke same treslag og same dimensjonar som har vore i huset før. Når det i mange tilfelle var brukt bjørk, og gjerne osp, i eldre stølshus, bør målet vere at dette held fram. Endane på eldre sperrer som stikk ut under troet, har eit tilnærma kvadratisk tverrsnitt, ikkje 2" x 6". Der var aldri bord som dekte sperreendane. Utsjånaden vert mykje endra når dei spikrar opp ny kledning med 6" bord i staden for bord som gjerne hadde ulike breidder. Byggjevarebutikkane har nesten ikkje material som er mogeleg å bruke om kravet til byggjeskikken skal gjelde. Vindauga er eit kapittel for seg; det er (nesten?) ikkje mogeleg å få tak i fabrikk laga, enkle vindauge med gjennomgåande sprosser.

Eit landskapsvernområde er ein del av den nasjonalt viktige naturen, på same måten som freda bygningar har status som nasjonalt verdfulle. Mange av stølshusa som eigarane har sett i stand rundt om, har fått eit uekte og identitetslaust preg. Når stolar og kulturlandskap er ein del av verna område, er det ingen grunn til å stille slappe krav til restaurering og gjenreising av kulturminna. Dei bør vere med på å markere ein høg standard, ved at material og utforming er ekte.

Det same gjeld bruer og anna som forvaltninga administrerer. I andre verna område har eigarane støypt svære betongbruer – framandarta og naturfjerne inngrep. Også bruer bør så langt det er mogeleg følgje tradisjonell byggjeskikk. Det bør bli slutt på å bruke impregnert material i verna område, mest fordi det gjev eit enkelt og simpelt preg, men og fordi dette langt frå er naturnære element. Impregnert material har negativ symbolverdi.

Dersom det formelt er mogeleg, bør opninga i reglane for hogst til ved bli utvida til hogst av material til restaurering av bygningar, som bjørk til stavar, betar og sperrer i grindbygde hus, der det var brukt i husa som står.

Det kunne vere ein idé å utarbeide retningslinjer for byggjeskikk, korleis den konkret bør vere. Heftet om stolar i Hordaland og Sogn og Fjordane, som det er vist til i planen, er truleg for generelt som praktisk rettleiing.

### **Informasjonstiltak**

Ikkje mange veit mykje om naturen i landskapsvernområdet. Det er ikkje sikkert dei vil vite det heller, men dei som vil, bør få sjansen. Eit opplysende hefte som karakteriserer kvalitetane, bør ha høg prioritet i forvaltninga. Det same gjeld informative skilt ved dei viktigaste innfallsportane, først og fremst dei. Dette er truleg viktigare enn til dømes å skaffe tal over kor mange som set sine føter innanfor grensene.

### **Forvaltningsoppgåver og tiltak. Oppsyn, kartlegging og skjøtsel.**

Vi støtter elles opp under nemnde tiltak og prioritering av desse felte framover.

Med venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv  
Elisabeth Dahle  
koordinator

Sogn og Fjordane Turlag  
Naturvernutvalet  
Ron Overdevest, leiar

Sogn og Fjordane Turlag



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Erik Solheim

